




Dovre kommune

Kommuneplanens samfunnsdel 2025–2036



Ein plan for framtida i Dovre

Korleis er det å bu i Dovre? Korleis møter vi framtida? Korleis gjer vi bygda vår til ein god stad å bu – heile livet? Korleis sikrar vi at alle dovringar kan vera med å forme utviklinga? Korleis skapar vi arbeidsplassar basert på naturen og kulturen vår?

Dette er nokre av spørsmåla denne planen skal gje svar på.

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan med ein samfunnsdel og ein arealdel. Dette er samfunnsdelen. Planen skal vise korleis vi vil ha det i Dovre dei neste 10 åra og kva vi må gjera for å få det slik. Derfor kallar vi den samfunnsplanen.

Samfunnsplanen er Dovre kommune sitt overordna styringsdokument. Den skal gje retning og hjelpe oss å prioritere. Vi set oss konkrete mål og legg ein plan for korleis vi skal nå dei. Planen legg òg rammer for bruk og vern av areala våre.

Godt samarbeid på tvers av partia

Eg er stolt over at vi har arbeidd fram samfunnsplanen på tvers av dei politiske partia i Dovre. Våren 2024 oppretta kommunestyret ein politisk redaksjonskomité som skulle jobbe med planen. Kwart parti valde éin representant til komiteen i tillegg til ordføraren. Administrasjonen har bidratt med ressurspersonar og stilt med sekretær for skrivearbeidet.

I lag med innbyggjarane

Eg er spesielt glad for at samfunnsplanen er blitt til saman med innbyggjarane i Dovre. På grendemøta på Dovreskogen, Dovre, Hjerkin og Dombås kom innbyggjarar, frivilligheita og næringsliv saman med politikarar og tilsette i kommunen for å diskutere framtida i Dovre. I møtet med elevrådet ved Dovre ungdomsskule fekk vi høyre kva ungdomane ynskjer seg for at det skal bli enda betre å vekse opp i bygda vår.

Desse innbyggjarmøta ga meirsmak. Vi skal gjera meir av dette framover, og det kjem tydeleg fram i fleire av punkta i planen du no les. Eg vil derfor seie at samfunnsplanen er ein plan for betre dialog mellom innbyggjarar og politikarar. Saman styrkar vi lokaldemokratiet i Dovre.

Vegen vidare

Framover skal vi setja planen ut i livet. Det gjer vi folkevalde når vi arbeider med neste års budsjett og økonomiplan saman med kommuneadministrasjonen. Her skal samfunnsplanen legge føringane. Slik gjer planen oss folkevalde i stand til å sette strategisk retning og skape konkrete resultat. For innbyggjarane i heile Dovre, og for framtida.

*Magne Vorkinn
Ordfører*

Innhold

Kven vi er og kva vi set pris på	4
Utfordringar.....	5
Realistisk planlegging og berekraftig samfunnsutvikling.....	7
Korleis er samfunnsplanen bygd opp?	8
1. Trygge og levande lokalsamfunn for alle	9
2. Gode tenester – heile livet.....	11
3. Demokrati, styring og aktiv deltaking.....	13
4. Næringsutvikling og natur- og kulturbasert verdiskaping.....	14
5. Klima, natur og miljø for framtida.....	16
Arealstrategi	18

Kven vi er og kva vi set pris på

Vi har mykje å vera stolte av i Dovre. Berre sjå rundt deg! Det er lett å få auga på kvalitetar det er viktig at vi bygger vidare på og som vi kan bli enda flinkare til å løfte fram.

Dovre er:

- Ei raus fjellbygd med høg himmel og plass til alle. Frå stødige og mytiske fjell har vi blikket retta mot omverda og framtida.
- Ope for nye idear og innbyggjarar.
- Tett kopla på verda. Knutepunkt du kan reise klimasmart til og frå med Dovrebanen og Raumabanen.
- Aktive ungar og vaksne som bryr seg. Trygge barnehagar der alle får plass, god skule. Ungdom som blir teke på alvor.
- Driftige innbyggjarar som løftar lokalsamfunnet saman. Aktive og inkluderande lag og foreiningar.
- Eldre med ein kvardag rik på samvær og aktivitet. God omsorg når du treng det.
- Eit framtidsretta næringsliv som tilbyr gode og trygge arbeidsplassar med eit landbruk som dyrkar jorda og gjev oss maten. Tek i mot gjestar. Deler kunnskapen om fjellet. Gjev handverkstradisjonar og matkultur vidare til nye generasjonar. Bedrifter som byggjar og held ved like veg og bane.
- Rike naturopplevingar rett utanfor døra for liten og stor. Nærturar og totusenmeterstoppar. Frisk luft, reint vatn, mjuk mose og snøsikre vintrar. Vi er stolte over å føre vidare ein mange tusen år lang tradisjon med fangst på villrein og ved å forvalte villreinen og villreinfjellet på ein berekraftig måte.

Samfunnsplanen skal hjelpe oss med å ta vare på desse gode kvalitetane ved bygda vår.



Utfordringar

Som ei lita distriktskommune står Dovre overfor nokre utviklingstrekk og utfordringar som påverkar kommunen på ulike måtar:

Demografisk utvikling

Dovre kommune har sidan midt på 1980-tallet hatt ein gradvis nedgang i folketalet og reduksjon i skatteinntektene. Sidan 2023 har vi hatt ei svak vekst i antall innbyggjarar på grunn av økt innvandring, men den langsiktige trenden er at vi blir færre i yrkesaktiv alder. Ei aldrende befolkning fører til større behov for helse- og omsorgstenester og rekrutteringsutfordringar i fleire sektorar. Til saman utfordrar dette kommunen si økonomiske berekraft.

Kapasitet og kompetanse i møte med nye oppgåver

Norske kommunar har over tid fått fleire lovpålagte oppgåver. Dette har ført til ei auke i kommunale tenester og behov for fleire tilsette i desse tenestene. Som i mange

andre små distriktskommunar, kan det òg i Dovre bli utfordrande å rekruttere folk og oppfylle nye krav til spesialisert og tverrfagleg kompetanse.

Samarbeid om næringsutvikling

Næringslivet i Dovre møter utfordringar knytt til infrastruktur og tilgang på kompetanse og kapital. Med ein relativt einsidig næringsstruktur, er det behov for meir samarbeid mellom næringsaktørar, kommunen og ulike delar av verkemiddelapparatet.

I jordbruket skapar nye krav og låg lønsamheit utfordringar for Dovre-bonden og fjellandbruket.



Press på areal og samfunnsutvikling

Vi lev midt mellom nasjonalparkar vi er stolte av og vil forvalte med lokal kunnskap. Om lag 75 prosent av arealet i kommunen er underlagt ei eller anna form for vern. Vi ser eit aukande press på areala i kommunen. Verneområde, areal for turisme og ferdsel, bustader, næring og industri, og gode møteplassar for folk. I tillegg vil vi bevare ressursgrunnlaget, naturmangfaldet, kulturlandskapet, utmarksressursane og kulturminna. Mange omsyn skal vegast opp mot kvarandre når vi skal utvikle samfunnet.

Klimagassutslepp

Som i resten av Innlandet, kjem størstedelen av klimagassutsleppa i Dovre frå vegtrafikk (særleg gjennomgåande tungtrafikk) og jordbruk. Vi har ikkje tal som syner utslepp som følgje av forbruk i kvar kommune, men vi veit at to tredelar av utslepp frå nordmenn sitt forbruk skjer i andre land.

Kommunikasjon og omdømme

Det er ei utfordring for kommunen å sikre at innbyggjarane får den informasjonen dei treng. Kommunikasjonen frå kommunen kan òg vera vanskeleg å forstå for nokre. Digitalisering og nye informasjonskanalar gjev store moglegheiter, men det er òg krevjande å nå ut med informasjon til innbyggjarar som ikkje er på desse digitale plattformene.

Beredskap

Den sikkerheitspolitiske situasjonen stiller auka krav til vår beredskap og evne til å handtere kriser. Vi må derfor styrke Dovre-samfunnet sitt samhald og motstandskraft i møtet med kriser som måtte oppstå.



Foto: Statsforvaltaren i Innlandet

Realistisk planlegging og berekraftig samfunnsutvikling

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging legg vekt på at små distriktskommunar som Dovre må planlegge realistisk og heilskapleg for å møte framtidige utfordringar. Dette betyr at vi må prioritere berekraftige løysingar som tek omsyn til avgrensa ressursar og lokale behov.

Gjennom realistisk planlegging skal vi sikre eit trygt, tilgjengeleg og levande lokalsamfunn og levere gode tenester, samtidig som vi tilpassar oss eit klima i endring. Dette skal vi gjera i samarbeid innbyggjarane, næringslivet og frivilligheita.

I Dovre kommune legg vi FNs berekraftsmål til grunn for all samfunnsutvikling. Dette betyr at vi skal sjå miljømessige, økonomiske og sosiale omsyn i samanheng når vi planlegg og gjennomfører tiltak.

Slik sikrar vi ei heilskapleg og langsiktig utvikling som kjem både nåverande og framtidige generasjonar til gode.

I samfunnsplanen legg vi spesielt vekt på desse berekraftsmåla:



Korleis er samfunnsplanen bygd opp?

Samfunnsplanen du no les er delt inn i fem satsingsområde. Under kvart satsingsområde er det fleire mål og strategiar for korleis vi skal nå måla.

Dei fem satsingsområda er:

1. Trygge og levande lokalsamfunn for alle
2. Gode tenester – heile livet
3. Demokrati, styring og aktiv deltaking
4. Næringsutvikling og natur- og kulturbasert verdiskaping
5. Klima, natur og miljø for framtida

Til slutt i samfunnsplanen kjem arealstrategien. Her legg vi rammene for korleis vi skal bruke areala i Dovre.

I det vidare arbeidet med å setja desse måla ut i livet, skal samfunnsplanen legge føringar for politikarane og administrasjonen sitt årlege budsjett- og økonomiplanarbeid. Her skal vi òg vurdere kva for planar vi treng for å følge opp prioriteringane i samfunnsplanen.



1. Trygge og levande lokalsamfunn for alle

1.1 Det skal vera trygt og godt å bu i Dovre gjennom heile livet.

Vi skal vera eit tilgjengeleg og inkluderande lokalsamfunn der det er rom for alle og der alle kan bidra uansett alder og funksjonsnivå.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Legge til rette for møteplassar i heile bygda som er tilgjengelege for alle og skapar lyst til å bu og bli.
- b. Utnytte kompetansen til dei eldre som ein viktig ressurs i arbeidet med å utvikle gode nærmiljø og nabolag. Vi vil legge til rette for trygg aldring med meningsfylt innhald i eit levande lokalsamfunn.
- c. Legge til rette for framtidsretta bustader for unge og eldre i tettstadane, både til leie og eie
- d. Jobbe langsiktig med eit kommunalt fleirbrukshus på Dombås i passeleg format, slik at det kan romme ulike kulturaktivitetar og arrangement.
- e. Realisere gang- og sykkelvegen langs E6 gjennom heile kommunen, mellom anna for å sikre og utvikle buområde i heile bygda vår.
- f. Styrke arbeidet med utvikling og vedlikehald av kommunale vegar og infrastruktur.
- g. Ha oppdaterte område- og reguleringsplanar som gir grunnlag for utvikling.

1.2 Unge i Dovre skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø, med positiv fritid og høg trivsel som gjev djupe røter i bygda.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Ta eit krafttak for ungdommen i Dovre. I lag med ungdommen skal vi skape ein ungdomsklubb utforma etter ungdommens ynsker.
- b. Ein kommunalt tilsett ungdomskontakt skal vera eit bindeledd mellom ungdommen, frivilligheita og kommunen og stimulere til meir aktivitet som ungdommen ynsker.
- c. Arbeide aktivt for å forebygge utanforskap og motverke mobbing i alle delar av samfunnet. Vi skal jobbe for å fjerne hinder for at barn og unge kan delta i fritidsaktivitetar.
- d. Sjå på moglegheiter for ei transportløysing som gjer det lettare å komme seg til og frå ulike aktivitetar.

1.3 Dovre skal vera ein kommune som spelar på lag med frivilligheita, næringslivet, kyrkja og alle andre som bidreg til å bygge eit levande lokalsamfunn.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Vera ein støttespelar for lag og foreiningar som skapar eit rikt fritidstilbod og inkluderande møteplassar for innbyggjarar i alle aldrar og på tvers av generasjonar og funksjonsnivå. Kommunen skal hjelpe lag og foreiningar med å finne fram til finansieringskjelder for anlegg og aktivitetar.
- b. Støtte opp om grendehusa som viktige arenaer for å skape liv, aktivitet og utvikling i heile bygda.
- c. Gi trygghet for årleg finansiering av drifta av ei inkluderande folkekyrkje.
- d. Legge til rette for idrettsarrangement, festivalar, konsertar og arrangement som skapar næringsaktivitet, trivsel og bulyst.

1.4 Den sikkerheitspolitiske situasjonen krev meir av oss.

Derfor skal vi styrke heile Dovre-samfunnet sitt samhald og motstandskraft i møte med kriser som måtte oppstå.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Ha oppdaterte beredskapsplanar og ein heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse (HROS) som skal ligge til grunn for kommunal planlegging. HROS rullerast kvart fjerde år saman med samfunnsplanen.
- b. Vi skal arbeide for å auke innbyggjarane sin eigenberedskap.

c. Utvikle Beredskapssenteret på Dombås til eit regionalt kompetansesenter og sikre at nødetatane har lokal plassering og ikkje sentraliserast eller svekkast.

d. Støtte opp om Luftambulansen sin helikopterbase og Heimevernets skole- og kompetansesenter. Desse gir bidreg til tryggleik i kvardagen for innbyggjarane i Dovre.



2. Gode tenester – heile livet

2.1 Vi skal ha trygge og inkluderande skular og barnehagar som fremmar helse, trivsel og læring. Vi skal ha nok kvalifiserte lærarar og tilsette i skular og barnehagar. Vi skal ha gode, universelt utforma fysiske læringsmiljø inne og ute og eit læringstilbod som er tilpassa alle barn og elevar på alle nivå.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Sikre nok pedagogar og andre relevante yrkesgrupper i klasseromma, slik at elevane får den skulegangen dei har rett på.
- b. Sikre gode læringsarenaer som fremmar helse, trivsel og læring i eit langsiktig perspektiv.
- c. Oppgradere uteområda til Dovre barneskole og barnehagen på Dombås og trygge skulevegen.
- d. Sikre at alle barn har lik tilgang til skulefritidsordninga (SFO) på barneskulen. Kommunen skal legge til rette for trygg og påliteleg skyss til og frå SFO for familiar på Dovreskogen, Dovre og Hjerlenn.
- e. Kontinuerleg sikre at vi har den nødvendige kompetansen når det gjeld teknologi, slik at vi kan ta kloke val for elevane. Vi skal ta imot teknologi som rustar elevane for framtida, auke læringsutbytte og inkluderande og tilpassa opplæring.



2.2 Kommunen skal legge til rette for at innbyggjarar i alle aldrar og livsfasar kan leve aktive og meningsfylte liv med god livskvalitet.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Fremme folkehelsa gjennom tverrfagleg, tidleg innsats og eit tett samarbeid mellom dei kommunale tenestene, idrettslaga, frivilligheita og næringsaktørar som tilbyr aktivitetar som gjev betre folkehelse.
- b. Støtte opp om Dovre Vekst, Frivilligsentralen og alt det frivillige arbeidet som lag og foreiningar i kommunen bidreg med.
- c. Etablere sentrumsnære bufellesskap og legge til rette for at eldre kan bu trygt heime så lenge som mogleg.
- d. Forebygge einsemd og jobbe for betre psykisk helse for alle innbyggjarar heile livet. Vi skal vidareføre arbeidet som demensvennleg kommune og styrke innsatsen for alle innbyggjarar med nedsett funksjonsevne.
- e. Arbeide for å auke deltakinga i kulturskule- og fritidstilbodet for barn og unge.
- f. Arbeide for å oppretthalde og vidareutvikle gode arenaer for fysisk aktivitet i kommunen.
- g. Utvide opningstida til Dovre folkebibliotek og vurdere ordninga med meirope bibliotek og innføring av returkasser på Dovre, Dovreskogen og Hjerkin.
- h. Bruke kompetansen og kapasiteten til Dombås Fjellskole inn mot grunnskolen i Dovre.

i. Hjelpe nye innbyggjarar som kjem til Dovre som flyktningar å lære seg norsk raskt, slik at dei kan komme ut i arbeid. I lag med heile Dovresamfunnet, skal dei kommunale tenestene legge til rette for at nye innbyggjarar kjenner seg velkomne og ønsker å bli værande i kommunen.

j. Arbeide aktivt for å gjere alle publikumsarenaer universelt utforma.

2.3 Innbyggjarane skal oppleve å få nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester av kvalifisert helsepersonell når dei treng det.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Sikre nok kvalifisert helsepersonell i alle tenestene, slik at innbyggjarane til ein kvar tid får forsvarlege helsetenester.
- b. Forsterke det tverrfaglege samarbeidet mellom alle kommunale tenester for å effektivisere og forbetre behandling og tiltak til innbyggjarar med behov for helsehjelp.
- c. Styrke laget rundt barn og ungdom. Gjennom tidleg innsats, skal vi vidareutvikle samarbeidet på tvers av sektorar for å sikre eit enda betre tenestetilbod til barn og familiar.
- d. Renovere og vidareutvikle Helsehuset på Dombås.

3. Demokrati, styring og aktiv deltaking

3.1 Vi skal styrke lokaldemokratiet og det lokale sjølvstyret og få fleire til å ta del i samfunnsliv og samfunnsutvikling. Kommunestyret skal styre samfunnsutviklinga i Dovre.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Styrke politiskarane si rolle i samfunnsutviklinga. Kommunestyret skal vedta ein overordna samfunnsplan i løpet av det første året i valperioden. Satsingane i samfunnsplanen skal følgjast opp i handlings- og økonomiplanen og i budsjettarbeidet kvart år. Samfunnsplanen skal ha ein arealstrategi. Denne skal ligge til grunn for planlegginga av arealbruken i kommunen.
- b. Jobbe kontinuerleg for å få til eit godt samspel mellom politikk og administrasjon og legge til rette for meir og betre samhandling i politiske saker.

3.2 Vi skal utvikle Dovresamfunnet saman, og dei unge skal vera med å skape den kvardagen og framtida dei ynskjer i Dovre.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Styrke Ungdomsrådet og gjere det meir attraktivt for barn og unge å engasjere seg i samfunnet.
- b. Sørge for god medverknad i politiske prosessar og kommunal planlegging. Dovre Ungdomsråd og Fellesråd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråd (FER) skal involverast til riktig tid for å sikre at medverknaden blir reell.
- c. Etablere grendeutval i heile kommunen, slik at innbyggjarane kan vera med å utvikle Dovre-samfunnet også mellom kommunevala.

3.3 Vi skal ha god kommunikasjon med innbyggjarane, og vi skal styrke Dovre kommune sitt omdømme.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Bruke eit klart og forståeleg språk som gjer det lettare for alle å delta i samfunnet. Vi skal sørge for at nettsidene til Dovre kommune er brukarvenlege, informative og oppdaterte. Vi skal bruke kommunikasjonskanalar som sikrar at vi når ut til innbyggjarar på tvers av alder og digital ferdigheit.
- b. Legge til rette for meir og betre innbyggjardialog, også i form av fysiske møte mellom politiskarar, administrasjon og innbyggjarar.
- c. Profilere Dovre på ein målretta og heilskapleg måte. Vi skal syne fram det gode livet Dovre byr på, anten du vil bu her eller besøke oss.
- d. Vedlikehalde og styrke bandet til utflytta dovringar. Vi skal bygge nettverk og skape møteplassar for heimflytting og tilflytting og bruke desse nettverka når vi skal rekruttere arbeidskraft til Dovre.

3.4 Vi skal vera ein ressursmart kommune som tør å tenke nytt for å utvikle betre tenester og forenkle planleggingsprosessar og saksbehandling.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Spele ei aktiv rolle i regionale og nasjonale digitaliseringssamarbeid og vurdere bruken av ny teknologi, som t.d. kunstig intelligens når det er til det beste for innbyggjarane i Dovre.
- b. Kommunen skal vere ein arbeidsgjevar som tek godt vare på dei tilsette.
- c. Vurdere ny kommunestruktur for framtida.

4. Næringsutvikling og natur- og kulturbasert verdiskaping

4.1 Dovre kommune skal vera ein framoverlent hjelpar som spelar på lag med næringslivet.

Vi skal legge til rette for utvikling og rekruttering til bedrifter, og vi skal ta initiativ til utviklingsprosjekt i samarbeid næringslivet.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Bidra til samarbeid og samordning, m.a. ved å legge til rette for gode møteplassar for næringslivet. Kommunen skal hjelpe næringsaktørane i Dovre til å bruke verkemiddelapparatet og finansieringskjeldene vi har rundt oss.
- b. Bidra til at det kjem på plass ei næringsforeining for bedrifter i heile Dovre.
- c. Bruke næringsfondet aktivt til næringsutvikling og berekraftsarbeid. Administrasjonen bør ha eit nødvendig handlingsrom for å kunne hjelpe næringsaktørar når behov oppstår.
- d. Samarbeide meir med kommunane rundt oss om næringsutvikling. Vi vil vidareføre samarbeidet om næringsutvikling i Nord-Gudbrandsdalen, men også sjå utover regionen for å finne gode samarbeidspartnarar.

4.2 Vi skal ha berekraftig verdiskaping i Dovre, bygd på lokale ressursar, tradisjonar og ein sirkulær økonomi.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Legge til rette for berekraftige industrietableringar, at fleire bedrifter i kommunen blir miljøsertifiserte og at fleire bedrifter arbeider aktivt med berekraft.

b. Støtte opp om og utvikle viktige kulturberarar i Dovre, m.a. innan lokalmat og tradisjonshandverk.

c. Samarbeide med kompetansemiljøet på Hjerleid og stimulere til enda meir verdiskaping i eksisterande og nye Hjerleid-bedrifter.

d. Bidra til meir sirkulær bruk av mineralressursar og jobbe for auka bruk og ombruk av overskotsmassar.

4.3 Vi skal ha eit levedyktig landbruk som sikrar matproduksjon, kulturlandskap, sysselsetting, busetting og som bidreg til å styrke totalberedskapen.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Jobbe inn mot sentrale styresmaktar for å sikre betre vilkår for fjellandbruket og Dovre-bonden, inkludert ein rovdyrpolitikk som tek vare på beitenæringa vår. Med eit aktivt fjellandbruk forvaltar vi utmarksressursane på ein klimavennleg måte, samtidig som vi tek vare på det biologiske mangfaldet og viktig kulturlandskap.
- b. Sikre framtidig og føreseieleg bruk av utmarksbeite og ta vare på kulturlandskapet.
- c. Legge til rette for ein variert bruksstruktur og varierte driftsformer og støtte opp dei som vil utvikle berekraftige tilleggsnæringar i landbruket.
- d. Følge opp arbeidet med felles landbruksplan for Gudbrandsdalen.

4.4 Dovre skal vera ein berekraftig og attraktiv reiselivsdestinasjon heile året.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Utarbeide ein besøksstrategi for Dovre som heilårs reiselivsdestinasjon. Vi vil få meir ut av statusen som nasjonalparkkommune og jobbe målretta for å få på plass eit besøkssenter på Dombås med god informasjon som både innbyggjarar og besøkande kan bruke.
- b. Legge til rette for lokal næringsutvikling i nasjonalparkane sine randsoner.
- c. Jobbe for at lokal organisert ferdsel brukast som eit verkemiddel i forvaltinga av nasjonalparkane.

4.5 Vi skal ta vare på viktige kulturminne i kommunen på ein berekraftig måte og legge til rette for at desse kan bidra til næringsutvikling der tilhøva tillét det.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Sørge for at Dovre kommune har ein oppdatert kulturminneplan og at det blir sett av økonomiske ressursar til å følgje opp prioriteringane i planen.
- b. Utnytte nasjonale og regionale støtte- og tilskotsordningar for bevaring av kulturminne.
- c. Samarbeide med kulturminneforvaltinga, lokale lag og foreiningar, innbyggjarar, næringsliv, nasjonale og regionale myndigheiter, nasjonalparkstyra og Norsk villreinsenter for å skape lokalt engasjement om kulturminnas verdi.



5. Klima, natur og miljø for framtida

5.1 Vi skal kutte utslepp, redusere forbruket, gjenbruka meir og handtere avfall betre.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Få på plass klimabudsjett og klimarekneskap for Dovre og bygge opp eit sterkare fagmiljø innan klima, natur og miljø i kommunen.
- b. Prioritere arbeidet med ein klimaplan med konkrete mål og ein handlingsplan for korleis vi kan redusere utslepp og ruste oss for eit klima i endring.
- c. Organisere årlege ryddedagar i kommunen og oppmuntre innbyggjarane til klimavennleg innsats i det daglege.
- d. Jobbe saman med NGR for å endre opningstidene på Jora Miljøstasjon og gjere det enklare å levere avfall, slik at vi unngår private fyllingar.
- e. Fase ut fossile biler i den kommunale bilparken.
- f. Jobbe saman med dei andre kommunane i Gudbrandsdalen om viktige samferdselsprosjekt som vil redusere utsleppa av klimagassar, m.a. høghastigheitstog og lengre strekningar med dobbeltspor på Dovrebanen, meir gods frå veg til bane og ny E6 gjennom Gudbrandsdalen.
- g. Følgje opp Gudbrandsdalstinget sin handlingsplan for berekraftig utvikling, som er vedtatt i alle 12 kommunane i Gudbrandsdalen.
- h. Jobbe for å miljøsertifisere alle tenesteområda i Dovre kommune.

5.2 Vi skal ivareta det spesielle ansvaret vi har for å forvalte nasjonalparkar, sårbar natur og den særeigne floraen og faunaen i Dovre.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Få på plass ein statleg kompensasjonsordning for kommunar som vernar store delar av sitt område på vegne av fellesskapet.
- b. Jobbe saman med nasjonale og regionale myndigheiter for å redusere omfanget av «villcamping» for å beskytte sårbar natur og legge til rette for fleire besøkande til reiselivsbedriftene våre.
- c. Jobbe for å få på plass rettferdige og gode ordningar som sikrar at bidrag frå besøkande kjem innbyggjarane, frivilligheita og næringslivet til gode og at dei er med på å utvikle Dovre som reiselivsdestinasjon.

5.3 Vi skal ta vare på naturmangfaldet gjennom heilskapleg arealplanlegging.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Tilpasse oss til eit klima i endring m.a. gjennom god handtering av overflatevatn, redusere avrenning og fare for erosjon. Vi skal unngå inngrep som reduserer naturens eiga motstandsdyktigheit mot klimaendringar.
- b. Gjere grundige kartleggingar og vurderingar av naturmangfald og artsmangfald og vurdere moglege miljøpåverknader av planlagde tiltak og prosjekt før dei blir sett i gang.
- c. Vi skal prioritere bevaring av villreinens kritiske leveområde og trekkveier i vår arealplanlegging. Dette inneberer å beskytte viktige beiteområde og sikre at utbygging og anna menneskeleg aktivitet ikkje forstyrrar villreinen.

5.4 Vi vil ha meir lokalt forankra forvalting av verna områder i kommunen, samtidig som vi sikrar villreinens leveområde gjennom tilpassa ferdselsreguleringar i kritiske periodar.

For å nå dette målet vil vi:

- a. Arbeide for å styrke og vidareutvikle det sterke fagmiljøet innan naturforvalting på Hjerkin. Vi skal legge til rette for eit tettare samarbeid mellom dette forvaltningsknutepunktet og resten av Dovresamfunnet.
- b. Jobbe for eit tett samarbeid med lokale, nasjonale og regionale myndigheiter for å forhindre ytterlegare negativ utvikling og naturtap i fjellet og legge til rette for kanalisering av ferdsel i randsona.
- c. Forvalting av verna område må vera lokalt forankra, forståeleg og ikkje meir omfattande enn det som krevst.



Arealstrategi

I arealstrategien fastset Dovre kommune dei overordna rammene for korleis vi bruke areala i Dovre.

Arealstrategien legg føringar for den juridisk bindande arealdelen til kommuneplanen. På denne måten sikrar vi betre politisk styring med arealbruken i kommunen.

Dovre kommune skal:

- Sørge for heilskapleg utvikling av tettstadene og grendene med gode og varierte bustader og møteplassar som er tilgjengelege for alle. Vi skal prioritere estetikk, arkitektur og funksjon. Vi skal ta vare på dei stadeigne kvalitetane i heile Dovre.
- Gjera det enklare og tryggare å gå og sykle i heile Dovre – både i sentrumsområda og mellom tettstadene og grendene. Vi skal arbeide for å få til samanhengande gang- og sykkelveg gjennom heile kommunen.
- Legge til rette for ein velfungerande bustadmarknad i Dovre.
- Sikre at matjorda primært nyttast til mat- og fôrproduksjon.
- Fornybar energiproduksjon krev areal. Før vi bygger ned meir natur, skal vi greie ut moglegheitene for å utnytte areal som allereie er tatt i bruk.
- Unngå utbygging og anna negativ påverknad på areal med store karbonlager, til dømes myr. Vi skal sikre naturmangfald og naturverdiar ved å hindre nedbygging og fragmentering av natur, spesielt i villreinens leveområde for å bevare villreinen sine leve- og trekkområde.
- Bevare tradisjonelt kulturlandskap ved å legge til rette for fjellandbruk og seterdrift. Vi skal òg ta vare på viktige kulturminne i kommunen.
- Ta omsyn til Forsvarets arealbehov i samfunns- og arealplanlegginga.
- Legge til rette for næringsutvikling på eigna areal. Vi skal difor utvikle Høyveg og Jora industriområde med eksisterande og ny verksemd.
- Som nasjonalparkkommune skal vi jobbe for ei ansvarleg og lokalt forankra forvalting av naturverdiar. Villreinens leveområde skal sikrast gjennom kommunal arealplanlegging.
- Ha ein sti- og løypeplan som skal danne utgangspunkt for prioritering av ressursar og tiltak på friluftslivområdet.
- Legge til rette for grøne transportløysingar mellom anna gjennom nødvendig infrastruktur for lading/fylling av små og store køyretøy på eigna areal.
- Oppdatere, revidere og oppheve eldre planar som ikkje ville vært godkjende med dagens kunnskap om klimaendringar, naturfarar og vassdragsmiljø. Vi skal vidare unngå arealbruk som er i strid med overordna kommunale, regionale og nasjonale planar.
- Jobbe med løysingar for å unngå at tunge køyretøy blir stilt opp i sentrumsområda våre og på sikt opparbeide ein oppstillingsplass for tunge køyretøy på eigna areal.



Dovre kommune

Kommuneplanens samfunnsdel 2025 – 2036

www.dovre.kommune.no